



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: e449d190-c624-45a8-8288-3dd0b54d5951

Vår: 23/3795 - 23/39110

Saksbehandlar:

Stian Stormark

stian.stormark@alver.kommune.no

Dato:

23.05.2023

Vedkomande - Områdereguleringsplan for Dalstø - Mjåtveitstø, PlanID 125620170002 - Intern høyring

Før me gjev ein endeleg uttale til VA-rammeplan, skal anlegg som er etablert utan løyve. Søkast, dokumenterast og godkjennast. Anlegget skal etter godkjend sluttdokumentasjon og synfaring, overtakast av Alver kommune til eige, drift og vedlikehald.

Leidningsanlegg ved BB02 og BK02-04, o_SKV08

I samband med opparbeiding av o_SKV08 ved Mjåtveitstø BB02 og BK02-04. Er me kjent med at det allereie er utført arbeid og etablert anlegg i området mellom F3-F2, F3-Z, F3-D1. Det er ikkje levert revidert teknisk plan som me har godkjent. Dette gjeld både vatn, avlaup og overvatn, det er også lagt ned trekkjerøyr for straum som ikkje er i samsvar med Avstandskrav i VA-norm. Her må me få oversikt over kva som er gjorde og korleis.

VAO-rammeplanen

Føresegn

Før då gjevast mellombels bruksløyve eller ferdigattest for bustader i felt/delfelt skal følgande vera opparbeid og godkjent av Alver kommune avd. for Samferdsel, veg, vatn og avlaup:

- Det skal føreliggje godkjend sluttdokumentasjon ihht. Alver kommune si VA-norma
- Hovudanlegg for vatn, avlaup og overvatn. Skal etter godkjend sluttdokumentasjon og synfaring utan manglar. Overtakast til Alver kommune for eige, drift og vedlikehald.

Vatn

- Plassering av reduksjonsventilar/Trykkavlastningsventilar avklarast i teknisk plan

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

- Det etablerast ein ringleidning i gangveg GG01 mellom Y og X i gangveg med reduksjonsventil mellom trykk sonene.

Brannvatn

- I Teknisk plan skal løysing og plassering av brannvassuttak til uttale, brannførebyggjande avdeling. Det er dei som avgjer om det skal nyttas kummar eller hydrantar.

Avlaup

- Pumpeleidning frå pumpestasjon Y leggst i gangveg GG01 mot punkt X saman med ringleidning for vassleidning som vert etablert her

- Eksisterande pumpestasjon (punkt Ø i Vedlegg 19. VAO- rammeplan datert 17.03.2023)

Eksisterande avløps pumpestasjon er dimensjonert for 1200pe/300 bu einingar.

Det er i dag knyt til ca. 280 bueiningar og dessutan industrifeltet på Mjåtveit samt at Sveåsen utbygginga er planlagd tilført denne pumpestasjonen.

Det er heller ikkje laga til overløp og buffertank på denne pumpestasjonen.

Det er då ikkje kapasitet her til og tilføra fleire bueiningar utan ombygging av stasjon og eller eigen pumpestasjon og leidning frå reguleringsområdet og fram mot sjølv falls leidning mot Galteneset RA.

- Galteneset RA

Det må kartleggast antal eksisterande PE som er knyt til Galteneset RA meir nøyaktig ein eit anslag. Dette for og kunne berekna kor mykje som kan tilførast Galteneset RA før maks kapasitet er nådd.

Dimensjonar på eksisterande avløps røyr frå Mjåtveitmarka og ned mot Galtneset RA må og vurderast om desse har kapasitet for og ta i mot avløp frå området.

Generelt

Når ein har sett nøye på kapasitet på eksisterande leidningsnett, pumpestasjon og Galteneset RA må ein vurderast på nytt kva tomter som kan byggjast på utan ytterlegare tiltak beskrive i punkt 4.2.1 i VAO rammeplan


Overvatn

- Nedslagsfelt 1
Avrenning mot felt 1, Mjåtveitmarka må sjåast nøya på. Her er det allereie i dag problem med overvatn. Me er kjende med at eksisterande garasjeanlegg i feltet er påverka av dette allereie med dagens situasjon. Auka avrenning mot dette området sjåast på som problematisk.
Me har framleis ikkje fått inn komplett sluttdokumentasjon for utbygging av Mjåtveitmarka. Det er usikkert kva som faktisk er etablert av overvassanlegg her.
Kommunen har heller ikkje oversikt over avrenning frå Mjåtveitmarka, gjennom vegen i Mjåtveitmarka – Rosslandsvegen og vidare under jordtipp mot Mjåtveitvassdraget i nord.
- Generelt
Alver kommune avdeling samferdsel veg, vatn og avlaup ser det som vanskeleg og kunne godkjenna på slepp av meire overvatn mot området nord mot Mjåtveitelva. Dette pga. av at me

manglar kunnskap om tilstand og dessutan dokumentasjon på allereie etablerte anlegg frå Mjåtveitmarka, gjennom vegen i Mjåtveitmarka – Rosslandsvegen og vidare i open elv til Mjåtveitvassdraget i nord.

Dersom kapasiteten er for liten eller tilstand på kulvert/rør er dårlege her kan konsekvensen av ein eventuell flaum verta ganske stor for husstandar langs Mjåtveitmarka.

Under ser ein eit kartutsnitt med raud markering for ca. plassering av eksisterande overvatn under jordtipp mot Mjåtveitvassdraget. Plassering av desse er henta ut frå søknad sendt Meland kommune i 2005 og ikkje som bygga teikningar.



Handtering av overvatn skal/må ikkje medføra konsekvensar for eksisterande eigedomar i og ved planområdet samt Mjåtveitvassdraget.

Vedlegg 3. Planskildring med Ros-analyse, datert 31.03.2023

Punkt 9.14 Risiko og sårbarheit – konsekvensar

Her må ein sjå på og vurdere om punkt 1-10 må vurderast på nytt med tanke på overvatn problema på eksisterande anlegg mot Mjåtveitelva i og rundt planområdet.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Torkjell Holm Brenna
Avdelingsleiar

Stian Stormark
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Frå: Stian Stormark
Send: fredag 16. juni 2023 10:14
Til: Per Asle Køhne; Ole Johan Ingebrigtsen; Tommy Veland; Bente Kopperdal Hervik; Eirik Berntsen; Eirik Bouwer Utne; Grethe Elin Mjelde; Arne Eikefet; Robert Lorang Hansen; Torkjell Holm Brenna; Arne Helgesen; Irene Nærbø Wilhelmsen; Siril Therese Sylta; Ole Martin Bolset; Merethe Tvedt; Kristin Nåmdal; Eilin Houlison Molvik; Hans Kristian Dolmen; Jan Roald Wolff Treni; Daniella Svindal Fernando; Emil Christensen Birkeland; Are Frøysland Grande
Emne: Områdeplan Dalstø-Mjåtveitstø

Hei

Viser til møte vi hadde i går angående områdeplanen Dalstø-Mjåtveitstø

- Under ligg nokre berekningar eg har gjort etter møte i går for eksisterande PE tilknytt Galteneset RA

Eg har funne antal bueiningar tilknytt i dag (490 stk) og ganga med 4,0 (Same faktor som i VAO rammeplanen for bueiningar) som vert 1960 PE

Industri har eg antatt at det er ca150 personar som arbeider på alle bedriftene som er tilknytt og ganga med 0,3 som vert 45PE

Barnehagane fant eg antal barn (204stk) og vaksne (54stk) på heimesidene til Drømmehagen og Maurtua barnehage og ganga med 0,3 (Same faktor som i VAO rammeplanen for barnehage) som då vert 77PE

Eg kjem då til at det er i dag 2082PE tilknytt og ikkje 1100PE som VAO rammeplanen legg til grunn så her må det på nytt vurderas kor mykje ein kan bygge før Galteneset RA eventuelt må byggast om.

Galteneset RA har i dag ein kapasitet på ca 2500PE

- Eksisterande pumpestasjon (punkt Ø) i vedlegg til VAO rammeplan
Her har eg vore i kontakt med leverandør av stasjonen i sin tid og stasjonen vart dimensjonert for 1200PE/300 bueiningar
Denne har i dag ca 280 bueiningar samt industrifeltet langs Rosslandsvegen samt Sveåsen utbygginga tilknytt og er da max belasta i forhold til det denne vart dimensjonert for
Slik eg forstår VAO rammeplanen er alt avløp frå området (utan om det som er tenkt tilført mot Dalstø) tenkt via denne stasjonen for pumping mot Galteneset RA.
Det er ikkje bare pumpestasjonen som er for liten, men det er heller ikkje tillaga buffertankt for overløp på denne så ein eventuell stans på stasjonen vill kunne føre til eit utslepp til Mjåtveitvassdraget og Elvemuslingane.
- Overvatn
Eg meiner at utfordringane med tanke på kapasitet og avrenning mot Rosslandsvegen og Mjåtveitelva vart godt belyst i tidlegare sendt uttale.
Foreslår at det gjørast ein helhetlig vurdering over heile området sin overvass situasjon.

Venleg helsing

Stian Stormark | Rådgevar Eigedomsforvaltning
Telefon: 952 10 839

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE